

Senka Levanger på nytt

Elleve minutt før slutt fekk Fredrik Klock ballen på seks–sju meter og dunka inn 2–1. Same resultat, same matchvinnar og jamvel same type scoring som i vårkampen mot Levanger.

FOTBALL. Fredrik Klock har eit vondt kne, og blei testa på Høddvoll nokre timar før kampstart. Han heldt seg på beina såpass at han meldte seg kampklar, og angrar neppe.

Etter 79 minutt stod Klock klar med ryggen mot mål på Oddbjørn Lie sitt lange frispark opp i feltet. Ballen dala ned i beina på han, og då var det berre å bruke rå kraft og håpe på det beste.

– Eg vrei meg rundt før eg skaut. Trudde egentlig ikkje han ville gå inn, seier Klock. Som scora 2–0 på ein volley frå same distanse også i bortekampen mot Levanger.

– Vi vann 2–1 då også. Sånn sett blei eg matchvinnar for andre gong, seier Klock og gliser godt.

Skuffa. Dette var ein dag då svært lite stemte for Hødd. Offensivt var det – sjølv med godviljen

– vanskeleg å sjå noko som likna struktur og plan. Presisjonen var skral, initiativa rådlause og halvhjerta. Det hakka stygt, og rart er det vel heller ikkje med skadane, sjukdommen og utskiftingane i Hødd-angrepet siste tida.

– Dette vart ein slitesiger på ein svak dag. Førsteomgangen er grei, men vi skapar lite. Det er der vi slit mest, inne i kassa og på siste tredjedelen av bana. Vi er upresise, og eg er skikkelig skuffa over andreomgangen. Vi har kampen der vi vil mot eit lag vi normalt bør spele trill rundt,

men vi senka oss. For få tek ansvar, seier Fladmark.

Sandal i krysset. Hødd scora 1–0 på straffe like før pause etter at Anders Vaagen blei felt. Tvilsamt, meinte Levanger-trenar Ivar Selnæs. Frå vår posisjon såg avgjersla ut til å vere grei nok. Straffeskyttar Erik Sandal tvilte ikkje på noko som helst. Han klistra ballen i krysset til 1–0.

– Eg hadde bestemt meg for å setje ballen hardt og opp, men det var no måte på kor høgt han gjekk, seier Sandal, som to minutt tidlegare var vel så viktig i andre enden av banen. Då klarerte han ballen via tverrliggjar og ut etter at Kim Deinoff boksa ballen mot eige mål på ein corner som blei teken av vinden og var nær ved å blåse rett i nota.

Sakna Nevstad. Med 1–0 på gunstig tidspunkt venta alle på ein storoffensiv dei siste 45 minutta. Det starta friskt – i feil ende av banen – då Even Sunde etter 46 minutt blei spelt heilt fri på venstresida. Deinoff redda. To minutt etter drog Thomas Pedersen seg fri og kom aleine med keeper. Som redda til corner. Corneren blei klarert ut i feltet der Finn Erik Stavsen stod klar, og skaut hardt rett i eit trønderbein. På tre minutt hadde det skjedd like mykje framfor måla som i heile første omgang.

Så var det slutt, særleg for Hødd, og det var lite å seie på at Morten Ravlo sette inn 1–1 frå 15–16 meter på eit lågt og hardt skot etter ei svak klarering på innlegg.

– Vi senka oss fem prosent og gav dei veslefingeren. Det held ikkje, seier Fladmark.

– Kvifor skal vi gjere det så spanande for oss sjølv? Må vi ha eit spark i ræva for å vakne? Vi må lære oss å halde oppe nivået



i 90 minutt, uavhengig om vi leier kampen eller ligg under. André Nevstad var utestengt etter tre gule kort.

– Tyder dette på at Hødd må ha André Nevstad på banen for å halde oppe trykket?

– Spørsmålet er på sin plass. Svarar Fladmark. Han fekk med seg applausen Geir Televik fekk då han blei sendt i oppvarming på 1–1. Etter pause var jubelen berre større då Klock sette inn 2–1.

– Ja, det fortel vel litt om kampen, seier Fladmark.

SINDRE HALKJELSVIK
sindre.halkjelsvik@smp.no

FOTBALL

2. divisjon avd. 2

HØDD-LEVANGER 2–1 (1–0)

BANE: Høddvoll

TILSKODARAR: 681

MÅL: 1–0 Erik Sandal (43, straffe), 1–1 Morten Ravlo (68), 2–1 Fredrik Klock (79).

DOMMAR: Helge Roar Åndal, Malmefjorden IL – 6.

GULT KORT: Helge Hoff Hansen, Kristian Hågensen Aune, Morten Ravlo, Levanger.

HØDD (4–4–2): Kim Deinoff - Mads Værnes, Sindre Eid, Fredrik Klock, Finn Erik Stavseng –

Oddmund Vaagsholm (Helge Edinsen 90. min), Paulo Dos Santos, Erik Sandal, Thomas

Pedersen (Oddbjørn Lie 76. min) – Eirik Hoseth, Anders Vaagen (Kjetil Paulsen 55. min).

STJERNER HØDD: * Paulo Dos Santos, Fredrik Klock, Sindre Eid.